

Årsberetning 2014, inkludert årsrapport

I.L. Bjørnar Hovudstyret



1. Generelt om IL Bjørnar

Idrettslaget Bjørnar held til i Arna bydel i Bergen kommune og hadde i 2014 1064 registrerte medlemmer.

Idrettslaget har ingen tilsette, då arbeidsgjevaransvaret er delegert vidare til Bjørnar Handball og Arna-Bjørnar Fotball.

Likestillinga i styret har vore betre den siste perioden enn tidligare og innanfor . På grunn av skifter internt i handballgruppa sitt styret i løpet av perioden, har likevel kvinneandelen blitt låg. Styret har bestått av to kvinner og fem menn etter skiftet som vart nemnt.

Drifta av idrettslaget medfører ikkje skader på det ytre miljø.

Styret meiner at idrettsmiljøet og den generelle trivselen i idrettslaget er god, og at IL Bjørnar med sine mange medlemmer gjer ein svært viktig jobb for barn og unge i Arna.

Årsberetninga og rekneskapet for 2014 viser etter styret si meining at det er gode føresetnadar for vidare drift.

2. Styrets samansetning og verksemd i 2014

Styret i IL Bjørnar har i løpet av 2014 hatt syv medlemmer.

Leiar:	Erlend Vågane
Kasserar:	Rannveig Wallevik
Leiar handballgruppa:	Gaute Gunnarskog
Leiar handball barnestyret:	(Connie Merete Engen) Erik Olsen
Leiar Bjørnarhallen:	Bright Brekke
Leiar Arna-Bjørnar Fotball:	Torbjørn Andersen
Leiar ABF barne- og undomsstyret:	Karianne Mjelde
Leiar handball ungdom (vara):	Jan-Andre Eliassen

Hovudstyret har hatt to styremøter i perioden. I tillegg har enkelte saker blitt drøfta per e-post. Leiar har deltatt på eitt møte med Allianseidrettslagsstyret.

Leiar for styret har også deltatt på møter i arbeidsgruppa Arna Idretts- og Fritidspark 2020, som jobbar for felles anleggsutvikling på Seimsmyrane / i Indre Arna.

3. Saker som har vore prioriterte i 2014

Styret har på dei ordinære styremøte gjennomgått økonomisk status og utfordringar i gruppene (Bjørnarhallen, Bjørnar Handball og Arna-Bjørnar Fotball). 2014 var i det store og heile eit relativt rolig år for hovudstyret etter mange saker året før. Dei viktigaste sakene for øvrig har vore som følgjer.

Utviding av Bjørnarhallen og fleirbrukshall på Seimsmyrane

Styret revitaliserte arbeidet med å realisere ei ny innandørs treningsflate i 2013. I tillegg til ønskje om ny fleirbrukshall i samband med utbygging av skule på Seimsmyrane, har IL Bjørnar spelt inn ønskje til Bergen kommunes Idrettsplan om å feste tomt til å byggje ut dagens Bjørnarhall med ei ekstra flate. Erlend Vågane, Jan-Andre Eliassen og John Halvor Sæle (daglig leiar Bjørnar Handball) har gjennomført møter og synfaringar med representantar for Bergen kommune (idrettsavdelinga og skuleavdelinga), samt hatt møte med entreprenørfirmaet W.Giertsen i samband med eit eventuelt byggeprosjekt.

Bergen kommune har avslått idrettslagets ønskje om å nytte arealet mellom dagens hall og Garnes barneskule, kor det ligg ei grusbane i dag. Årsaka til dette er offentlige krav til uteareal på skulen, og arealet er allereie for lite i dag.

Bergen kommune sitt alternative forslag er å prøve ut mulighetene for å bygge ny hall på parkeringsplassen ved Bjørnarhallen, eller å eventuelt finne andre aktuelle tomter i Arna. Parallelt med dette er det viktig for idrettslaget å følgje tett på reguleringsplan for skule på Seimsmyrane og jobbe saman med naboidrettslag for å sikre idrettens behov for anlegg. I kommande periode bør det etter styrets vurdering etablerast ei eiga prosjektgruppe for tilbygg/utviding av Bjørnarhallen, samstundes som idrettslaget er representert i prosjektgruppe som jobbar med reguleringsplanen på Seimsmyrane.

Bergen kommune har for øvrig varsla at det vil bli gjort ein gjennomgang av driftsavtala mellom IL Bjørnar og Bergen kommune som vart inngått i 1988. Kommunens idrettsavdeling vil kontakte idrettslaget nærmare om dette etter kvart.

Endring av medlemsorganisering og -system

På sist årsmøte i Arna-Bjørnar Fotball vart det vedtatt at junior- og seniorutøvarar i fotball skulle vere medlem i ABF, og ikkje i IL Bjørnar. Tilsvarande vert kontingent frå handballspelarar på junior- og seniornivå fordelt direkte til handballgruppa. Denne omorganiseringa har ført til noko mindre kontingentinntekter til IL Bjørnar, utan at dette er eit problem.

I tillegg har idrettslaget arbeida med overgang til NIF sitt nye medlemssystem, KlubbAdmin. Denne overgangen har blitt koordinert i samarbeid med Arna TIL og Arna-Bjørnar Fotball. Frå og med neste år må dette systemet vere skikkelig innarbeida, då registrering av betalande medlemmer i dette systemet vil bli direkte knytt til Idrettsregistreringa, som er grunnlag for utbetaling av støtteordningar som lokale idrettsmidlar.

4. Økonomi

IL Bjørnar sine viktigaste inntektskjelder er

- ⌚ Medlemsinntekter (ca 600', ned frå 700' i 2013) – Vert fordelt 60% til Arna-Bjørnar Fotball og 40% til Bjørnar Handball
- ⌚ Basistilskot frå Bergen kommune (450', prosjektbasert med mål om å styrke inkluderingsarbeidet i idrettslaget) – Fordelt 50%/50% ABF/BH
- ⌚ Grasrotmidlar (265') - Fordelt 60%/40% ABF/BH
- ⌚ Tilskot frå NIF (105') - Fordelt 60%/40% ABF/BH
- ⌚ Momskompensasjon (215')

Inntektene vert i all hovudsak fordelt ut til aktivitetsgruppene Bjørnar Handball og Arna-Bjørnar Fotball etter fordelinga som er nemnt over. Totalt viser rekneskapet at hovudstyret har 1,27 millionar kroner i eigenkapital, inkludert uteståande fordringar. Dette er ein liten oppgang samanlikna med 2013.

Som det kjem fram i førre kapittel, er medlemsinntektene som planlagt noko lågare enn året før. Også inntekter frå Grasrot-midlar har gått noko ned, mens tilskot frå NIF og momskompensasjon har gått noko opp. Dei øvrige inntektskjeldene er stabile. Økonomien i laget er god og det er føresetnadar for vidare drift og utvikling.

5. Organisasjon

På årsmøtet i 2014 vart det vedtatt ein total revisjon av idrettslagets lovar og det vart utarbeida ein ny organisasjonsplan. I den nye organisasjonsplanen har handballgruppa etablert eit eige barnestyre i tillegg til ungdomsstyre, i motsetning til den tidligare barne- og ungdomsgruppa som hadde ansvar for alle lag frå 6 til 15 år.

6. Nye æresemedlemmer!

På årsmøtet 2014 vart Arild Eliassen, Hans Rune Solberg og Agnethe Avsnes Sæle utnemnt som æresmedlemmer i IL Bjørnar. Vi ønskjer både å gratulere og ikkje minst takke dei tre for årelang innsats for idretten i Arna!

7. Takk for innsatsen!

Hovudstyret vil takke alle som står på for idrettslaget: Foreldrekontaktar, supporterar, lagleiarar, oppmenn, trenarar, dommarar, billettseljarar og vaktmeistre. Takk til alle styremedlemmer og andre tillitsvalte i undergrupper og komitear! IL Bjørnar har ein unik kultur og tradisjon for frivillig innsats, og er kjenneteikna ved ein dugnadsinnsats som andre idrettslag misunner oss.

Ein stor takk også til administrasjonane i aktivitetsgruppene som gjer ein svært god jobb i utsette posisjonar. Og ikkje minst: Takk til alle handball- og fotballspelarar som er aktive i idrettslaget og som er årsaka til at klubben eksisterer!

For I.L. Bjørnar,

Erlend Vågane Rannveig Wallevik, Gaute Gunnarskog, Jan-Andre Eliassen (vara),
Brikt Brekke, Torbjørn Andersen, Karianne Mjelde

Garnes, 4.februar 2014.

Erlend Vågane
Leiar IL Bjørnar